



ÅRSMELDING 2016

ÅRSMELDING

IL JOTUN HANDBALL

for perioden

1. januar 2016 til 31. desember 2016

PÅ VEG MOT HUNDRE!



Fornøgte jenter som deltek på minihandballturnering.

Postadresse

IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse

Jotunhuset, Øvre Årdal

E-Post

post@iljotun.no

www.iljotun.no

Bank

3730.25.00208

Foretaksregisteret

975 702 308



1 STYRET SI SAMANSETNING FRÅ 15.02.2015 TIL 16.02.2017

Leiar:

Nest leiar:

Sportsleg leiar:

Økonomileiar Aldersbestemt

Ruth Marit Saur

Økonomleiar Senior

Reidun Myrland

Styremedlem

Therese Moen

Styremedlem

Veronica Øyre

Styremedlem

Henriette Fortun

Arbeidsutvalget i IL Jotun har hatt ansvaret for driften av seniorlaget denne sesongen.

- AU – Sport
- AU – Arrangement
- Reidun Myrland – Økonomi/administrasjon
- Gunnar Christian Huse – Sponsor

2 GRUPPER – UTVAL – KOMITEAR

Sportsleg utval:

Basarnemnda: Therese Moen, Reidun Myrland, Ruth Marit Saur, Henriette Forthun, Veronica Øyre, Gry Hestetun, Merete Øren, Merete Moen og Gry Marie Øy.

Ansvar minihandball: Yvonne Finnebotten, Elin Haug, Sandra Andersen og Monica Offerdal Røneid.

Ansvar for kiosk/lager og kamparrangement: Tildelt J-12/13.

3 MØTE, ARRANGEMENT OG ANDRE AKTIVITETAR

Styremøte:

Styret har hatt 8 møter i perioden frå 14.01.2016 – 09.11.2016. Utover dette samarbeider styremedlemene tett med telefonkontakt og gjennom e-post. I tillegg har styret hatt god kontakt med styret for Åtil, grunna samarbeidslag.

Andre møter:

Det har vore halde informasjons-/oppstartsmøte med aldersbestemte trenarar og støtteapparat før sesongstart. Dette vart utført i samarbeid med Åtil.

AU Senior:

AU har hatt 5 møter, elles har kommunikasjon føregått via mail. Det har vore gjennomført 3 møter med spelargruppa, spelarutval og trenar.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308

Tal inntektsgjevande arrangement:

Kamplotteri: Det har vore organisert 6 kamplotteri i samband med 3 og 4.divisjonskampane, 3 på våren og 3 på hausten. Dette har i år vore delt mellom aldersbestemt og senior.

Basar: Den årlege basaren vart gjennomført 05.12.16. og gav nok ein gong gode inntekter for handballen. Folk er utruleg flinke til å møta opp og støtta oss. Det var fullt hus også i år. Takk til alle som bidrog med mange flotte gevinstar.

Bøsseberarar: I den årleg TV-aksjonen var IL Jotun handball godt representerte med bøsseberarar.

Aktivitetar:**Turnering:**

I år deltok alle dei aldersbestemte laga på Ål-cup. Erfaring som er gjort frå denne cupen i år, er at dei eldste laga ynskjer å delta på ein større cup. Styret vil vurdere for neste sesong å tilby fleire cup alternativ etter laga sine ynskjer.

Minihandball:

2. – 4. klassingane har hatt tilbod om å delta på tre minihandballturneringar denne sesongen i Årdalshallen, Tangenhallen, og i Aurland. Nytt av i år er at også 2. klassingane fekk tilbod. Denne sesongen med minihandball har regionen styrt påmeldingar, reservert plass i idrettshallar og laga kampoppsett. Målet har vore å få opp interessa for handball i 2. – 4. klasse. Foreldra som har vore ansvarlege for minihandballen i år, har opplevd det motsatte. Dei har gjort seg erfaringar og ynskjer å gje innspel til korleis desse turneringane kan planleggast og aviklast neste sesong.

4 SAKER OG SPONSORAR

Sponsorar:

Følgjande verksemder er IL Jotun Handball sine hovudsponsorar:

- Indre Sogn Sparebank (felles med hovudlaget)
- Årdal Energi KF (felles med hovudlaget)
- Årdalsnett (felles med hovudlaget)

IL Jotun Handball er blitt støtta med gåver til basar og kamplotter frå fleire bedrifter. Vi ønsker å takke alle bedrifter og næringsdrivande som har støtta oss.

I tillegg til hovudsponsorar har Senior følgjande sponsorar:

- Lerum
- Kleiven Sogn
- Sogns Avis
- Elektromontasje AS
- HMR
- Norbohus sogn
- Deloitte

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon

Telefaks

Bank
3730.25.00208
Foretaksregisteret
975 702 308



- Sogn Opplæringskontor
- Byggmakker Andersen
- Møbelringen Sogndal
- Privatsponsorar

5 MEDLEMSTAL

Ved utgangen av 2016 har aldersbestemt 84 medlemmar og senior 58 medlemmar. Dette medlemstalet er inklusiv trenarar og støtteapparat. Samla utgjør dette 142 medlemmar.

IL Jotun Handball merker at det vert stadig færre ungar som spelar handball, og spesielt på gutesida. Det er viktig at det vert jobba med rekruttering framover, og godt samarbeid med dei andre gruppene i idrettslaget, samt ÅTIL, er nødvendig. J12-13, J14 og J15-16 har spelt saman denne sesongen. På gutesida har G11-12 og G16 hatt tilbud saman med Åtil.

Antall seniorspelarar som har vore med er ca 20 i frå alderen 14 og opp til 48.

6 TRENARAR/STØTTEAPPARAT/ORGANISASJON

Desse er trenarar og støtteapparat for laga:

Lag	Trenar	Oppmann	Foreldre-kontakt
J10	Vibeke F. Moe, Mette Kleiva, Jannicke Øyre	Anne Lise Øy	Helene Lindborg
J11	Heidi Svori / Kjetil Einan	Bente Sissel Myrland	Gry Hestetun
J12/13	Therese Lægred / Hilde Midtun	Marianne Sandvik	Marianne Vee Hellebø
J14	Harald Husabø / Ingvald Eriksen	Ellen Veum/Merete Ylvisåker	
J15	Anne Kauppi / Håkon Hollevik	Laila Hansen	
G11/G12	Alfred Holsæter	Per Inge Bale	Per Inge Bale
Senior	Olafur Sveinsson	Reidun Myrland	

Olafur Sveinsson er trenar for seniorlaget denne sesongen. Me har ikkje hatt fast hjelpetrenar denne sesongen. Reidun Myrland har hjulpet til under kamper og trening. AU har handtert driften og organiseringen av laget og gjennomføring av heimekampane.

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon

Telefaks

Bank
3730.25.00208
Foretaksregisteret
975 702 308



Det er i løpet av sesongen utarbeida følgjande lister:

- informasjonsbrosjyre for IL Jotun aldersbestemt handball
- årshjul
- arrangørdagbok vår og haust
- oversikt over alle trenarar og støtteapparat med e-post-adresser og telefonnummer
- laglister med kontaktinformasjon til føresette
- arrangementsliste for heimekampar
- oppmannsperm

7 UTDANNING

Vi har i år hatt opplæring på kva oppgåver som skal gjerast når ein sit i sekretariatet under kampar. Vi har gjennomført trenarkurs. Det har ikkje vore gjennomført keepertrening for aldersbestemt i år. Det er ikkje blitt utdanna nye dommarar i 2016.

8 REPRESENTASJON

Reidun Myrland har vore på eit sonemøte i regi av Handballforbundet på Leikanger. I samband med dette vann IL Jotun Handball eit minihandball mål.

9 SPORTSLEGE RESULTAT

IL Jotun Handball kan syna til gode sportslege resultat i 2016 for både store og små.

Kvart lag har skreve nokre ord om laget sitt – sjå vedlegg.

10 ØKONOMI

Aldersbestemt:

IL Jotun aldersbestemt handball har ein sunn og god økonomi. Likviditeten er svært god. Årets inntekter kjem frå tildeling av sponsormidlar, refusjon av treningsavgifter og LAN/MVA kompensasjon. I tillegg har aldersbestemt i lag med senior hatt gode inntekter på det største arrangementet – den årlege handballbasaren. Sal av kamplotteri under 3 og 4.div kampar, har også sørget for gode inntekter og sikra ungane ein fornuftig eigenandel ved deltaking på turneringar. Ungane har betalt eigenandel ved bortekampar og foreldre/føresette har bidrege med gode inntekter på kiosksal under heimekampar.

Alle kostnader igjennom året har vorte nøye vurdert, og ein har rimelege løysingar for reise. På bortekampar har foreldre køyrt på dognad, og på lengre turar har jotun-bussen vorte nytta, så sant dette har vore mogleg.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308

Senior:

Senior har mista faste sponsorinntekter i 2016. Det har vore jobba med å få inn nye sponsorer. Det er innført treningsavgift og avvikla kamplotteri og dugnader. Kostnadane er haldne på eit lågt nivå, men senior har faste utgifter som skal dekkast. På bortekampar blir Jotunbussen og privatbilar nytta.

11 ANLEGG

Hovudarenaen for trening og kampar er Årdalshallen. Med stadig fleire samarbeidslag, vert også Tangenhallen ein naturleg trening- og kamparena for heimekampar.

Det er viktig med god planlegging når det gjeld tildeling av halltimar, slik at hallen vert godt utnytta og at alle, så langt det let seg gjere, får oppfylt sine ynskjer for treningstider.

Tildeling av halltimar som blir ledige i løpet av året, må det etter vårt syn lagast retningslinjer for. Handballgruppa må ha prioritet når det gjeld bruk av Årdalshallen i handballsesongen.

12 OPPGÅVER I ÅRET SOM KJEM

IL Jotun handball har hatt eit fungerande styre i inneverande sesong som har teke seg av dei viktigaste oppgåvene. Det er viktig no å få på plass eit nytt styre, og halda fram arbeidet med å utvikla handballgruppa som organisasjon. Det må jobbast med rekruttering og auka medlemstal i IL Jotun handball.

Færre ungar og stadig fleire samarbeidslag med Åtil, krev tettare samarbeid mellom dei to klubbane, for å sikre felles rutiner og god informasjonsflyt.

Kontakten mellom trenarar må betrast ved å auke aktiviteten i trenarforum. Fokus på trenarutdanning, vert også viktig framover.

I tillegg må det jobbast vidare med følgjande punkt:

- Inntektsbringane tiltak
- Haldningar (hjå trenarar, foreldre og spelarar)
- Gjennomføra sportsleg plan
- Dommerutdanning

Dette året har AU teke ansvaret for drift og organisering av seniorlaget. Neste sesong må dette arbeidet fordelast på oppmann for laget og styret i handballen. Det er for tiden krevjande å få nok personar med på drifta rundt laget og mykje jobb fell på nokre få. Dette må det jobbast aktivt med framover. Det må og jobbast med ein strategiplan for handballen for dei kommande åra slik at ein har meir langsiktighet i arbeidet.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



13 SPELARUTVIKLING

I 2016 har vi hatt fleire utøvarar med på ulike talentsamlingar, regionale utviklingssamlingar (RUM) og sonesamlingar (SUM), i tillegg spissa gruppe i Bergen.

For å ha god rekruttering til damelaget må det på plass betre samarbeid mellom 13-15 års laga og seniorlaget.

Denne sesongen har fleire spelarar i 14-15 års alder delteke på treningane med seniorlaget. Dette arbeidet må jobbast meir med, målet er å få til felles trening 1 gang i veka mellom 13-16 år og seniorlaget.

Det er viktig at spelarane får prøve seg på seniornivå og forberede seg på nivået ein møter når ein skal over på seniorlaget.

14 SAMARBEID

IL Jotun handball har på alle trinn samarbeidslag med Åtil. Samarbeidslaga våre har fungert godt, og vi har positive tilbakemeldingar frå utøvarar og trenarar. Med stadig fleire samarbeidslag, vert som nemnt tidlegare, godt samarbeid mellom dei to klubbane viktig også framover.

IL Jotun Handball ynskjer å takke sponsorar, gode støttespelarar, trufaste hjelparar og andre som har stilt opp i året som har gått. Skal me lukkast med vidare satsing på topp og breidde innan handballsporten i Årdal, er me heilt avhengige av dykk.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308

15 GENERELL DEL

Jotun Handball feira i år og 70år. Første handballkamp for Jotun vart spelt 4/7-1946. Arne Eldegard var primus motor og det vart gjennomført eit par treningar før det bar til Lærdal og kamp.

Det var ei stor glede for oss i Arbeidsutvalet til Jotun, å kunne samle fleire av 70 års jublantane til ei enkel markering under fyrste seriekampen på søndag. Etter kampen møtest me i klubbhuset der me kosa oss med litt mat, kake og kaffi.

Bilete frå kaffiselskapet etter kampen med nokre av dei spelarane som var med fra starten.
Takk for at de ville vera med oss denne dagen .



Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon

Telefaks

Bank
3730.25.00208
Foretaksregisteret
975 702 308



VEDLEGG TIL ÅRSMELDING 2016 – LAG OG SPORTSLEGE RESULTAT**J10 Treinarar: Vibeke F. Moe, Jannicke Øyre Nundal og Mette Kleiva. Tal spelarar: 10**

Jenter 10 år er ein ivrig gjeng på 11 jenter frå Øvre og 6 frå Tangen. Me trenar kvar torsdag, og deler bana med Jenter 11. Dette fungerer veldig fint for begge laga. Me får mykje speletrening når me er mange! Jentene frå Tangen har ikkje hatt høve til å delta på fellestrening i Øvre. Dei trenar ei økt på Tangen med eit gutelag. Elles har dei tilbod om å spela med eit gutelag på Tangen i serien.

Trenarane for laget er Jannicke Øyre Nundal, Mette Kleiva og Vibeke Fusche Moe. Helene Lindborg og Anne Lise Øy er oppkvinner. På Tangen er det Silje Hove og Lena Midtun som er trenarar.

Me har spelt 7 bortekampar (på tre laurdagar) i Gaupne, Aurland og Vik. Me har hatt to kampar heime. Jentene har synt fin framgang for kvar kamp. Jentene frå Tangen har til no vore med på tre kampar i Vik og to kampar heime.


Me trivst veldig godt i saman med denne gjengen!

J11 Treinarar: Heidi Svori/Kjetil Einan. Tal spelarar: 9

Me er ein fin gjeng på ni jenter som har trent sidan september. Me trenar kvar torsdag 1630- 1800, og stort sett kvar måndag 1445-1545. På torsdagane trenar me med J10. Då trenar me først på kvar vår banehalvdel, og så spelar me ofte litt på slutten av treninga.

Me har til no, 18, januar, spelt åtte kampar. Av desse har me kun tapt ein, spelt tre uavgjort og vunne fire. Det er kjekt å vinne kampar, men endå viktigare er det at alle får spele så likt som mogleg, og at alle får prøve seg i ulike posisjonar. Jentene har hatt ei god utvikling i kampsituasjon; dei blir stadig tøffare og dei forstår meir og meir av spelet. Det har og etter kvart komne fleire namn på skåringslista. Det er kjekt! På

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



treningane er det fokus på variasjon, og på å lære grunnleggjande ferdigheitar i handball gjennom morosame øvingar.

Det er Heidi Svori som er trenar, og Kjetil Einan er med når han kan (Han reiser mykje i jobben). Bente Sissel Myrland er oppmann.

J12-13 Trenarar: Therese Læg Reid og Hilde Midtun. Tal spelarar: 9



Vi starta sesongen med 10 jenter, og dette er jenter som har spela saman i fleire år. Dessverre har ei jente vald å gje seg, så no har vi 9 tilgjengelege jenter. Vi har og på nokre treningar og kampar hatt med oss jenter frå Årdalstangen (f. 2003).

Vi starta sesongen seint, slutten av oktober, og grunna få lag (kun 5 lag) spelast det trippel serie. Vi trener to gonger pr veke, mandager og onsdager, med 1,5 time pr økt.

I øktene vert det fokusert på grunnteknikkar som kast og mottak, skudd og elles mindre speleøktar. I år har vi lagt inn både springing og styrke, da jentene har behov for dette i kampsituasjon.

I tillegg har vi for alvor starta med enkel formasjonstrening.

Grunna få spelarar har vi spela nokre kampar mot Gutar 12, slik at vi får mulighet til å spele med fullt lag. Utan denne velviljen frå Gutar 12 er det utfordrande å få til øving på "ordinær kampsituasjon".

Jentene er treningsvillige, og det er stort sett lite forfall på treningane sjølv om jentene held på med fleire aktivitetar. Opplever av og til utfordringar med å avvikla kampar grunna «mange jern i ilden» på fleire jenter.

Det har vorte både singlar, uavgjort og tap i løpet av sesongen. Det gjenstår no tre kampar, og jentene ser og fram til å dra på cup.

Postadresse IL Jotun Postboks 65 6882 Øvre Årdal	Besøksadresse Jotunhuset, Øvre Årdal E-Post post@iljotun.no	Telefon Telefaks	Bank 3730.25.00208 Foretaksregisteret 975 702 308
--	--	---------------------------------------	--



**J14 Trenarar: Harald Husabø / Ingvald Eriksen. Tal spelarar: 14**Vårsesongen:

Trenarar: Harald Husabø og Ingvald Eriksen

Oppmenn: Ellen Veum og Merete Ylvisåker

Treningstider: Måndagar i Øvre frå kl 16-17.30

Onsdagar på Tangen frå kl 18 -19.30

Me fullførte sesongen med 2 lag som gjorde at alle fekk mykje speletid. Jentene viste god innsats både på trening og i kamp, og me kjempa i toppen med begge laga. Vi hadde 15 spelarar som fullførte sesongen.

For å skape ekstra trening og sosiale aktivitetar har vi gjennomført nokre treningar med beach handball saman med G15/16, og i tillegg gjennomført fleire foreldrekampar som har vore veldig moro. Her har foreldregruppa stilt opp og vore veldig sporty. Det har vore ei veldig positiv foreldregruppe som har støtta godt opp rundt laget.

Me avslutta sesongen med turnering på Ål der jentene hadde det kjekt. Sportsleg gjekk det bra, men vi nådde ikkje heilt opp til finalen i klassen.

Haustsesongen:

Trenarar: Harald Husabø og Ingvald Eriksen

Oppmenn: Ellen Veum og Merete Ylvisåker

Treningstider: Måndagar på Tangen kl. 20-21.30

Onsdagar i Øvre kl 16.30- 18.00

Me er i sesongen totalt 14 spelarar, ni frå Tangen og fem frå Øvre. Det er med tre 2003 jenter frå Tangen på laget vårt. Vi har i sesongen hatt enda sterkare fokus på spelarutvikling og hospitering. Dette har vi fått til som fylgje av at ein i år har eit J15 lag der våre jenter får mulighet til både trening og kamp hospitering. I tillegg til dette har jentene fått hospitere på trening med damelaget. Dette gjer at dei som ynskjer å trene meir får mulighet til å trene 3 økter ekstra i veka utover våre 2 økter, samt at dei har fått kamptilbod på j15. Det er 3-4 av våre jenter som nyttar dette tilbodet. Vi har og fått ein av våre spelarar som har vore utteken til spissa gruppe i regionen for j2002 som 1 av 3 frå heile fylket.

Vi har 3 jenter frå 2003 kullet som og får spele med j13 laget når dei har behov for ekstra spelarar.

Dette er ein godt samansveisa gjeng på tvers av Åtil/Jotun. Dette er ei gruppe jenter me bør ta godt vare på, for her er det fleire som VIL MYKJE, og kan få til mykje om dei får mulegheitene.

Vi spelar denne sesongen enkel serie mot alle laga frå heile fylket. Vi har berre 1 lag i serien som gjer at det blir noko mindre speletid og vi prøver å kompensere med turneringar. Me byrja sesongen med ein super cup i Førde 2-4. september. Denne turneringa anbefala me til andre som vil ha kamptrening og sosialt før seriestart. God og kjekk turnering. Me satsar på å få reise der til hausten og, og kjekt om me kan reise saman fleire lag frå Årdal. I serien blir det få kampar og lang tid mellom kvar kamp. Vi svingar litt i prestasjonane, men har mål om å kome på øvre halvdel av tabellen til slutt.

Me avsluttar sesongen med å reise til Fredrikstad Cup 2-5 juni 2017.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon

Telefaks

Bank
3730.25.00208
Foretaksregisteret
975 702 308



J15 Trenarar: Anne Kauppi og Håkon Hollevik. Tal spelarar: 12

Trenarar: Anne Kauppi og Håkon Hollevik

Oppmann: Laila Hansen

J15 kom litt seint i gong med sesongen grunna uavklart trenarsituasjonen. Men når den var på plass, møtte det opp 8-10 jenter på fyste annonserte trening og antall spelarar auka utover hausten. Spelargruppa er samansett av både 2000 jenter og 2001 jenter, der tre (som er maks) 2000 jenter spelar på disp. Totalt har me 12 jenter som er ivrige og har godt oppmøte på treningane.

Jentene har hatt ei fin utvikling og er etterkvart vorte meir samspelte. J15 har og eit samarbeid med J14, noko som har vore nødvendig for å kunne stille lag på alle kampar.

Treningstider: Mandagar i Tangehallen kl 1830-2000 og i Årdalshallen onsdagar kl 1630-1800.

Foreldre har stått for køyringa på dugnad. Nokre av jentene har nytta seg av tilbodet om å trene med damelaget innimellom. J15 spelar enkeltserie med sluttspel 1.-2. april, legg ved tabellen.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308





Vår dato
26.01.17

Side 14 av 15
Vår referanse

Regionserien Jenter 15 A5 SF, Håndballsesongen 2016/2017

⊗ Tabell med alle lag ○ Tabell uten lag med dispensasjon

Nr	Lag	K	V	U	T	Mål	P	LS
1	<u>Flora</u>	9	9	0	0	311 - 101	18	
2	<u>Eid</u>	9	9	0	0	177 - 111	18	
3	<u>Flora 2</u>	8	8	0	0	211 - 122	16	
4	<u>Gloppen 2</u>	9	8	0	1	210 - 161	16	
5	<u>Høyang</u>	11	7	0	4	220 - 202	14	
6	<u>Sogndal</u>	10	6	0	4	198 - 166	12	
7	<u>Gloppen</u>	10	6	0	4	193 - 173	12	
8	<u>Sogndal 2</u>	10	5	0	5	171 - 177	10	
9	<u>Skarvøypoll</u>	9	5	0	4	121 - 140	10	+
10	<u>Stryn</u>	10	4	0	6	190 - 189	8	
11	<u>Førde</u>	10	3	0	7	134 - 226	6	+
12	<u>Jotun/Årdaistangen (D)</u>	8	3	0	5	108 - 132	6	
13	<u>Syni</u>	9	2	0	7	153 - 163	4	
14	<u>Dale IL</u>	6	2	0	4	83 - 111	4	
15	<u>Aurland (D)</u>	9	1	0	8	145 - 194	2	
16	<u>Askvoll/Holmedal (D)</u>	10	1	0	9	124 - 226	2	
17	<u>Vig</u>	11	0	0	11	110 - 265	0	

Det spilles enkel serie. Det spilles så følgende sluttspill 01-02.april for å avgjøre endelig tabellrekkefølge: Nr 1-4 møtes i semifinale + finale/bronsefinale, Nr 5-7 møtes i seriespill, enkel serie, Nr 8-10 møtes i seriespill, enkel serie, Nr 11-13 møtes i seriespill, enkel serie.

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon

Telefaks

Bank
3730.25.00208
Foretaksregisteret
975 702 308

4. divisjon damer. Trener: Oli Sveins. Tal spelarar: 20

Det tok litt tid før trener vart avklart i år, dette førte til at seniorlaget kom seint i gang med treningane sine. Det var og usikkert kor mange som vart med denne sesongen så AU måtte ta ein runde med omtale på Porten for å få på plass nok spelarar. Først den 7/9 var antallet spelarar som var med høgt nok til at det vart lag. Dette førte da til at laget fekk lite trening før seriestart. Med bakgrunn i dette har sesongen så lagt vore flott. Laget hadde ein god sesong før jul med 7 seierar av 7 mulige. 2017 starta med 1 seier og 2 tap så langt. Målsetjinga for denne sesongen er å vera blant dei 3 beste i serien og foreløpig ser dette ut til å halde bra.

På gutesida denne sesongen har gutar frå IL Jotun trent og spela i samarbeidslag med ÅTIL. Dette gjeld G12 og G16. I tillegg har ÅTIL G10 og senior lag.

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon

Telefaks

Bank
3730.25.00208
Foretaksregisteret
975 702 308

